



Arkivsaknr: 2024/9917-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Fileks AS - Finsortering av tøy til gjenbruk og resirkulering

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Finsortering av tøy til gjenbruk og resirkulering vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn:

Fileks AS er eit aksjeselskap. Bransje: 46.421 Engroshandel med klær. Registrert 13.07.2015. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar

Fileks er eit norsk selskap som jobber for at folk kan gi frå seg plagg med verdi og få noko verdifullt tilbake. Verksemda bidrar til å minske avfall frå klesindustrien ved å forlenge levetida til plagga som vert donert. Verksemda jobber over heile Vest- og Sørlandet og er nyleg etablert på Østlandet. Verksemda sine kleinnsamling- og sorteringstenester er retta mot både privatpersonar og kommunar/renovasjonsselskap. Tekstilane som vert samla inn vert seld i verksemda sine bruktbutikkar i Norge og i Tyskland, samt til større oppkjøparar ute i Europa. Verksemda er lokalisert på Frekhaug og har 16 tilsette.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. oktober 2024 og er forventa gjennomført 31. desember 2027.

Tekstilavfall er ei stor utfordring, og fleire rapporter anslår at det går omkring 50.000 tonn med tekstilar rett i restavfallet. I restavfallet skaper det utfordringar for sorteringsanlegg, og dette er dårleg handtering av ressursar og lite berekraftig. Rapportar peiker og på at omkring halvparten av tekstilavfallet har ein kvalitet som gjer at det kunne vært seld som

ombruk. Verksemda vil no starte eit utviklingsprosjekt og utvikle ei løysing som skal redusere mengda tekstilavfall og på den måten redusere miljøbelastninga.

I 2025 vil alle kommunar i Norge og dermed interkommunale renovasjonsselskap få krav om å sortere ut tekstilavfall. Verksemda Fileks AS ønskjer å løyse dette problemet og skal etablere eit finsorteringsanlegg av tekstilavfall på Mjåtveit Industriområde. Anlegget vil vere det første av sitt slag i Norge.

Finsortering betyr at ein går detaljert gjennom alt som kjem inn av tekstilar, og sorterer det etter ei rekke ombrukskriterier. På den måten utvider ein marknaden det kan selges til betydeleg. Verksemda vil og sortere på fibertype på tekstilar som ikkje kan ombrukas, for å sikre resirkulering av desse. I dag er det vanleg å berre sortere nokon få prosent av det som vert samla inn, og store aktørar som til dømes Fretex eksporterer omtrent 95% av alt dei samlar inn utan å opne posane. Da skjer finsorteringa, og dermed verdiskapinga, ute i Europa.

Fileks har deltatt i eit prosjekt på tekstilinnsamling, kor verksemda som ein av tre aktørar har sortert tekstilar samla inn gjennom kommunane som har deltatt i prosjektet. Gjennom dette prosjektet har verksemda fått eit samarbeid med BIR, avtalen er vidareført etter utløpet av prosjektet. Det har gitt verksemda god innsikt i kva eit interkommunalt renovasjonsselskap treng når det gjeld tekstilhandtering.

Verksemda vil konkurrere om tekstilane med andre innsamlarar som til dømes Fretex, UFF, Kirkens Bymisjon, men verksemda trur dei kan differensiere seg på sorteringsløysningane. og av de innsamlerne i Norge, er det kun UFF som satser litt på sortering i Norge. Konkurransetiltaket vil og vere prega av om ein kan fortsette å eksportere tekstilavfall utan å sortere det først. Utan endringar på dette området, vil det vere ein del større konkurrentar ute i Europa.

Prosjektleveranse/Målsetting

Verksemda ønskjer å løyse eit problem for alle dei interkommunale renovasjonsselskapa som frå 2025 må sortere ut tekstilavfall. Verksemda vil fortsette å samle inn frå privatmarknaden gjennom tekstiltårn, og på dermed løyse eit problem for alle dei som har tekstilar dei ønsker å bli kvitt.

Gjennom å kombinere smarte arbeidsprosessar med ny teknologi, har verksemda mål om å klare å sortere ut minst 40%. Dette representerer noko heilt nytt i norsk målestokk og gir moglegheiter for betydeleg verdiskaping.

Verksemda ønskjer å vere ein betydeleg aktør på finsortering i Norge og vil posisjonere seg som ein av få aktørar dei interkommunale renovasjonsselskapa kan samarbeide med for å få til handtering av tekstilavfall i Norge. I kravet som kjem for kommunane i 2025 for utsortering av tekstilavfall, vil det være en gradvis opptrapping av kor mykje som skal sorterast ut. Verksemda ønskjer å vokse parallelt med dette.

Målet på lengre sikt er å tilby kleinnsamling og sorteringstenester over heile landet. Gjennom finsortering vil verksemda kunne nå ei rekke nye kundar, og då i mykje større grad

«second hand shops». No går mykje av det verksemda sel til større oppkjøparar som sjølv sorterer og sel vidare. Med denne nye løysinga vil verdiskapinga ligge igjen hos verksemda.

Økt levetid for klede vil gi ein betydeleg berekraftsgevinst gjennom reduksjons i utslepp og luftforureining frå produksjon av tekstilane, betre utnytting av biologiske og ikkje biologiske ressursar ved gjenbruk og materialgjenvinning av tekstilar av f. eks bomull (biologisk) og polyester (ikkje biologisk). Det vil sjølv sagt også føre til meir materialgjenvinning, redusert forureining og bruk av kjemikaliar i produksjon av kler, gitt at økt levetid fører til redusert nyproduksjon.

Dette utviklingsprosjektet skal sørge for meir berekraftig bruk av tekstilar, gjennom å finsortere halvparten av tekstilane som vert samla inn. Det skal doble verdien på tekstilane som vert seld, og på den måten vil en meir berekraftig forretningsmodell også vere meir lønsam.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Finsortering av tøy til gjenbruk og resirkulering	19 100 000	1 000 000	40 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Vurdering

Søknaden viser til at Fileks AS ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt for å etablere eit finsorteringsanlegg av tekstilavfall på Mjåtveit Industriområde. Anlegget vil vere det første av sitt slag i Norge. Anlegget krev store investeringar og verksemda har fått finansiering til bygging av anlegget frå Sparebanken 1SR. Søknaden til næringsfondet gjeld i hovudsak investering i utstyr og behov for kompetanseheving i forbindelse med denne satsinga og endringa i forretningsmodell.

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Fileks viser til for å utvikle nye løysingar og tenester når det gjeld sortering av tekstilar, samt for å styrke verksemda sin marknadsposisjon.

Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemder, omstilling og nyskaping i næringslivet, arbeidsplassutvikling og berekraftig næringsutvikling.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjektet Finsortering av tøy til gjenbruk og resirkulering vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Soknad-2024-0027.pdf
- 2 Scan Per-Ivar Guttormsen 12 25 09-11-2023.pdf
- 3 230825 Frekhaug Bt4 salg.pdf
- 4 Utsortering og materialgjenvinning av avfall.pdf
- 5 søknad IN
- 6 Fileks budsjett